



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 27.10.2015  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 14:00

Det vart halde møte i valnemnda etter møtet i formannskapet

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Frank Stian Steinsland	SO	Varamedlem	Deltok i utvida formannskap, budsjett
Liv Anne Aanesen	SA	Varamedlem	Deltok i utvida formannskap, budsjett

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
061/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
062/2015	Godkjenning av møtebok
063/2015	Orienteringssaker - Budsjett
064/2015	Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde - Framlegg til offentlig ettersyn.

### Notat frå møtet:

#### **Kurs Nordhordland Revisjon : "Budsjettarbeidet i kommunen"**

Rådmannen melder på alle dei faste medlemene i formannskapet samt rådmann og ass. rådmann på dette kurset.

25. november kl 09.00 -15.00 , Hagelia Knarvik

#### **Møte om kommunestruktur Nordhordland 5. november kl 12.00 - 16.00 på Seim**

Ordførar, varaordførar og rådmann deltek på møtet

#### **Kommunestyremøte den 5. november**

Møtet tek til kl 08.30.

Det vert i møtet gjennomgang av skisseprosjekt for nytt service-/tenestebygg på Mo samt handsaming av ulike saker.

061/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:  
Samrøystes

Vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjent

---

062/2015: Godkjenning av møtebok

Behandling:  
Samrøystes

Vedtak:  
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

063/2015: Orienteringssaker - Budsjett

Behandling:  
Ordførar innleia til ei overordna drøfting av politiske prioriteringar i neste års budsjett og komande økonomiplanperiode.

Under drøftinga vart det fokusert på følgjande tilhøve:  
Tilrettelegging for bustadbygging med alternative tomter. Korleis leggje til rette for auka tilflytting, pendling? Lokale for næringsutvikling med "heimkontorfelleskap" for pendlarar .  
Landbruk/næringsutvikling - rettleiing. Trivselstiltak med turstiar/lysløyper. Oppvekstvilkåra for born og unge. Stønad til prosjekt i regi av frivillige lag/organisasjonar. Framtidig og alternativ bruk av ledige lokale i "Industribygget".

Rådmannen gjekk i møtet gjennom utkast til 2. tertialrapport for 2015 (pr. 31.8.) slik den førelåg, men ikkje ferdig frå økonomisjefen si side.

Rådmannen gjekk gjennom ulike tiltak/tilskotsordningar som kan endrast gjennom politiske vedtak.

Rådmannen gjekk også gjennom oppdatert liste over moglege "småinvesteringar" og større investeringar for 2016.

På bakgrunn av drøftinga vil rådmannen i sitt vidare arbeid med budsjettet for neste år og

Økonomiplanperioden leggje til grunn desse måltala frå formannskapet.

- Det skal budsjetterast med rammer for drift som gjev 3% netto driftsresultat i 2016
- Avdrag lån 2016 vert sett til 1.5 millionar kr som for 2015
- Årlege investeringsrammer inklusive avsetningar i planperioden: 5-6 millionar kroner

Vedtak:

Formannskapet tek rådmannen si orientering om den økonomiske stoda for drifta i 2015 og om føresetnader for budsjettet til vitande.

---

064/2015: Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde - Framlegg til offentlig ettersyn.

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova § 9-1 vert framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villrein område med plankart og temakart (datert 07.09.15) lagt ut til offentlig ettersyn. Høyringsfrist vert sett til 10.12.2015.

---